



Trine Grete Dyblie
Lindåsvegen 1580
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13800 - 20/57945

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2020

Registrert vanskeleg tilkomst til septiktank - gbnr 56/52 Hundvin

Tiltak: Fjerning av busker
Byggjestad: Gbnr: 56/52
Tiltakshavar: Trine Grete Dyblie og Johan Nicolay Leganger

Alver kommune har den 04.08.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved planlagt tømning den 14.7.2020 oppstod eit problem med tilkomst til septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Lindåsvegen 1580, 5956 Hundvin. Septiktanken var tildekkka av stikkebusker, slik at tømmemannskapet ikkje kunne komme fram til tanken, sjå vedlagte bilete.

Når tanken ikkje vert tømt, kan det føre til at den fylles med slam og septik, og at dette renn over og ut i grunnen. Det fører igjen til forureining av grunnen.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Området må ryddast snarast slik at det blir tilkomst for tømmeanslaget. Norva24 AS må deretter kontaktast for avtale om ny tømmedato. Norva24 AS har telefon 5778 1170.

Frist for å gjennomføre dette arbeidet blir satt til 01.10.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når hindringa er fjerna, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune
Manglande tilkomst gbnr 56-52 Hundvin

Mottakarar:

Johan Nicolay Leganger	Lindåsvegen 1580	5956	HUNDVIN
Trine Grete Dyblie	Lindåsvegen 1580	5956	HUNDVIN